Årsmøte 2019

Torsdag 14. februar, Firda vidaregåande skule

Janitsjaren spelar til konsert i kultursalen på minimusikkstemnet for korpsa i Nordfjord i juni.

NMF
NORGES MUSIKKORPS FORBUND

Hovudsponsor:

sparebanken
sogn og fjordane

www.gloppenjanitsjar.no

facebook.com/gloppenjanitsjar

Sakliste

1. Opning

2. Konstituering
   - Namneopprop
   - Godkjenning av innkalling
   - Godkjenning av sakliste
   - Val av møteleiar
   - Val av møtesekretær
   - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

3. Årsmelding 2018

4. Rekneskap 2018 med revisjonsmelding

5. Årsmøtesaker

6. Arbeidsplan 2019

7. Kontingent

8. Budsjett 2019

9. Val

10. Avslutning

Design: Geir Skagen

Bjørn Inge Solheim vert tildelt NMF sin fortenstmedalje under fellesnummeret på minimusikkstemnet janitsjaren inviterte til i juni.

Innhald

Årsmelding	5
Rekneskap	10
Budsjett	10
Arbeidsplan	13
Årsmøtesaker	14
Kontingent	14
Val	15
Vedlegg:	
Gjeldande vedtekter	16
Referat årsmøtet 2018	18
Styrerepresentantar 2000-2019	19

Årsmelding

Åresal høyrer med, også på musikkstemne.

Årsmøtet 2018
Årsmøtet 2018 vart halde på Firda Vidaregåande skule torsdag 15. februar. Etter årsmøtet såg styre og utval slik ut:

Styret

Leiar:	Marta S. Engeland	Attval
Nestleiar:	Ingrid S. Søreide	Ikkje på val[1]
Kasserar:	Heidi Fure Klausen	Ny
Sekretær:	Jorunn Vereide Kvernevik	Ikkje på val
Styremedlem[2]:	Reidun Kjørvik Førde	Attval
1. vara.[3]:	Martin Eikeset Koren	Attval
2. vara.:	Gunnar Eide	Attval

Musikkutval
Martin Eikeset Koren (leiar), Ole Henrik Mølmann, Trond Haugen, Dirigent

Sosialkomité
Didrik Eide, Heidi Fure Klausen

Valnemnd 2019
Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust, Margunn Evebø

Revisorar
Didrik Eide og Olav R. Myklebust

1) Nestleiar har sagt seg samd i og vart vald for tre år i 2016 for å kome i rute med å byte leiar og nestleiar annakart år. Ho er på val i 2019.

2) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.

3) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at leiaren i musikkutvalet er første varamedlem.

Styret sitt arbeid
Styret har hatt seks ordinære styremøte og handsama 36 saker. Dei fleste sakene har dreia seg om drift og aktivitetar i laget.

Aktiviteten gjennom året
Året starta med ein festkonsert i regi av Gloppen kommune i samband med at kommunen var kåra til årets musikkommune 2017. Janitsjaren og skulekorpsa stilte med felles innslag. Første del av våren var elles prega av øving fram mot konserten «Vårsøg» i Vereide kyrkje i mars. Det vart ei øvingshelg i februar, og øvingar same helga som det var konsert i mars. Gjestedirgent var Kjetil Høidal som også var med som instruktør under øvingshelgane.

Hyen skulekorps tek alltid vel i mot når vi er der på skulekorpsbasar først i mars.

Er ein vaksen jubilant i janitsjaren kjem ein ikkje lett frå det, og på minimusikkstemnet i juni var det Didrik som måtte stå til rette for å fylle 60. HippHipp!

Fremst i toget over Hestnesøyra.

Breim i vårskrud 17. mai, men ein bør ha eit blikk over noteklypa når det går ein hest fremst i toget...

Årsmelding

I mars spelte Gloppen Janitsjar og Eid musikklag saman ved dåpen av dei to elektriske ferjene «Gloppefjord» og «Eidfjord» på Kattahamrane.

Høgdepunkt for sesongen vart minimusikkstemne for korps i Nordfjord som vi inviterte til i juni, knytt til NMF sitt 100-årsjubileum og at 2018 var musikkorpsa sitt år. Måløy musikklag, Ytre Nordfjord Brass, Eid Musikklag og Stryn Musikklag vart med. Det var oppmarsj til sentrum, der korpsa heldt eigne konsertar på ulike stader, festkonsert i aulaen, og sosialt samvær i Gimle. Vèrgudane var på vår side og vi har fått gode tilbakemeldingar frå dei deltakande korpsa.

I samband musikkstemnet fekk Bjørn Inge Solheim overrekt NMF sin fortenstmedalje. Styremedlem Alfred Bjørlo i NMF stod for overrekkinga.

Hausten var noko rolegare. Janitsjaren deltok på Nordvestivalen 2018 i Deknepollen, der korpset stilte utanfor divisjonsoppsettet i konsertklassen utan poenggjeving og konkurranseklasse. Dette som ein protest mot at krinsen set opp tre divisjonar i kvar klasse, utan at påmeldinga tilseier at det er naudsynt - i 2018 seks divisjonar for ti påmelde korps.

I sommar sa eigarane av Firdakraftbygget opp avtalen korpset hadde for lager i kjellaren der. I staden fekk vi tilbod om å lagre det i eit lokale på tidlegare Søreide Kompetansesenter. Lageret vert flytta i løpet av vinteren 2018/2019.

Aktivitetsplan 2018

Torsdag 4. januar	Første øving på nyåret.
Fredag 9. februar	Festkonsert i Kultursalen i samband med at Gloppen er kåra til Årets musikkommune 2017. Janitsjaren og skulekorpsa bidrog med felles innslag.
Helga 10.-11. februar	Øvingshelg på Sandane.
Torsdag 15. februar	Årsmøte i Aulaen, Firda vidaregåande skule
Helga 9. - 11. mars	Øvingshelg før konsert.
Søndag 11. mars	Konsert «**Vårsøg**» i Vereide kyrkje. Instruktør og gjestedirigent for helga: Kjetil Høydahl

Årsmelding

Tysdag 13. mars	Speling saman med Eid musikklag ved ferjedåp av elferjene «Gloppefjord» og «Eidfjord»
Torsdag 15. mars	Speling på skulekorpsbasar i Hyen
Søndag 25. mars	Påskebasar i Breimshallen
Laurdag 21. april	Vi bistod Breim og Sandane skulekorps under «Nordvestmeisterskapen for skulekorps».
Søndag 29. april	Speling ved defileringa på Breimstafetten.
Torsdag 3. mai	Speling på langope. Gjort i samband med øving.
Torsdag 17. mai	Nasjonaldagspeling på Sandane, i Breim, på Hestenesøyra og på Vereide.
Laurdag 9. juni	Korpset arrangerte minimusikkstemne på Sandane med festkonsert i kultursalen, oppmarsj og speling i sentrum og avslutta med sosialt samvær i Gimle.
Fredag 22. juni	Sommaravslutning i lada til Bjørn Inge.
12.-15. juli 2018	Medlemmar stilte på dugnad på Norsk Countrytreff til inntekt for korpset.
Torsdag 16. august	Fyrste øving i Aulaen
Helga 29.-30. september	Øvingshelg i Florø.
Laurdag 27. oktober	Deltek på Nordvestivalen 2018 i Torskangerpoll.
Søndag 2. desember	Førjulstreff i Aulaen.
Søndag 16. desember	Adventskonsert i Breim kyrkje
Torsdag 20 desember	Adventskonsert i Vereide kyrkje
Måndag 24. desember	Speling ved aldersheimen, i Karnilstunet og i Vereide kyrkje

Korpset har ein sunn økonomi og har pr. 31.12.2018 bokført 317 000 kroner på konto. Reelt er det noko mindre ettersom ein del rekningar frå 2018 har forfall på nyåret. Mellom desse er betalinga for instruksjon på vel 101 000 kroner. Vi er likevel heilt avhengige av at dei tre hovudtiltaka våre på inntektssida,

Heidi debuterte med trekkspel på scena under Nordvestivalen i oktober.

Fem korps til fellesnummer på Heradsplassen under minikorpsstemnet i juni.

Øvingshelg i Florø på tampen av september.

Kulturell avsporing på laurdagskvelden i Florø.

Årsmelding

påskebasaren i Breimhallen, førjulsbasaren på aulaen på Firda, og Hovudlotteriet, held same nivå som tidlegare år.

Korpset har ein bra oppdatert instrumentpark med jamt vedlikehald av instrumenta.

Medlemmer
Ved utgangen av 2018 har korpset 32 medlemmar inklusive dirigent.

Klarinett: Britt Rønnekleiv Mølmann, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Solveig Tørudstad, Malene Solheim.

Bassklarinett: Gudmar Eikenes

Saksofon: Margunn A. Evebø, Reidun Kjørvik Førde, Jorunn Kvernevik, Didrik Eide. Marius Arntsen

Trompet/kornett: Per-Helge Evebø (permisjon), Trond Haugen, Heidi Fure Klausen, Håkon Mølmann

Walthorn: Eva Fitje Holme, Pernille Nedrebø, Vigdis Henden, Martha Sundal Engeland

Trombone: Bjørn Inge Solheim, Odd Hansen, Jenny Sorterup Hysing, Martin Eikeset Koren

Baryton: Olav R. Myklebust, Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Torgier Maritsson Grøneng

Tuba: Ole Henrik Mølmann, Bernt Reed, Gunnar Eide,

Slagverk: Eivind Kjørvik.

Dirigent: John Rune Ødven

Æresmedlemmar
Gloppen Janitsjar har utnemnt desse æresmedlemmane: Alf Evebø, Lars Alander, Odd Hansen, Martin Lyngstad, Nyfrid Eide og Jon G. Eide

Korpset takkar:
Sparebanken Sogn og Fjordane for ny profileringsavtale i 2018.

Korpset takkar og for dei viktige støttespelarane vi har i «dameklubben», som

Årsmelding

har like mange menn! Dei jobbar kvar tysdag på «juleverkstaden» på Eide og lagar vinstar til basarane våre. I tillegg takkar vi alle dei som leverer heimelaga vinstar både til påskebasaren og julebasare, og firma og butikkar som på ulike måtar støtter med gåver til lotteri og basarar.

John-Rune Ødven har vore vår trufaste dirigent på 12. året. Tusen takk!

Sandane 3. februar 2019

Martha Sundal Engeland, leiar Jorunn Kvernevik, sekretær

Ingrid Sundal Søreide, nestleiar, Heidi Fure Klausen, kasserar

Reidunn Kjørvik Førde, materialforvaltar

Martin Eikeset Koren, 1. vara, Gunnar Eide, 2. vara

Saman med Eid musikklag spelte janitsjaren i dåpen til dei to heilelektriske ferjene «Gloppefjord» og «Eidfjord» som same dag vart sett inn på Anda-Lote.

Måløy Musikklag tok oppsilling på Rema-hjørnet då alle korpsa spelte i sentrum først på minimusikkstemnet janitsjaren arrangerte i juni. Veret var like strålande heile dagen.

Rekneskap og budsjett

Inntekter	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Budsjett 2019
Medlemskont/Uniform/Instrumentleige	kr 39 200,00	kr 29 050,00	kr 36 000,00
Offentleg speling	kr 12 000,00		kr 5 000,00
Dugnad	kr 6 400,00	kr 6 400,00	kr 10 000,00
Julebasar	kr 49 817,00	kr 45 325,00	kr 50 000,00
Påskebasar	kr 78 274,50	kr 46 410,00	kr 50 000,00
Hovudlotteri	kr 60 000,00	kr 60 000,00	kr 60 000,00
17.mai speling / Buss	kr 6 699,30	kr 7 535,00	kr 8 000,00
Gåver	kr 4 443,84	kr 3 000,00	kr 3 000,00
NMF VO-midlar	kr 15 553,00	kr 15 224,00	kr 15 000,00
Norsk Tipping	kr 14 252,65	kr 9 192,80	kr 14 000,00
Sponsor	kr 8 000,00	kr 10 000,00	kr 10 000,00
Kulturmidlar	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 10 000,00
MVA komp.	kr 26 478,00	kr 32 843,00	kr 25 000,00
Eigenandel Øvingshelg	kr 40 050,00	kr 38 645,00	kr 35 000,00
Nordvestmeisterskapen		kr 3 680,00	
NM Janitsjar	kr 2 022,00	kr 60 882,00	
Minimusikkstemne	kr 84 852,00		
Adelekonsert/Vårsøg	kr 14 400,00		kr 35 000,00
Renteinntekter	kr 100,00	kr 62,00	kr 100,00
Forsikring	kr 566,00		
Korpskafe			kr 25 000,00
SUM INNTEKTER	**kr 473 108,29**	**kr 378 248,80**	**kr 391 100,00**

Sak 4 og 8

Rekneskap og budsjett

Utgifter	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Budsjett 2019
Instrument	kr 15 952,00	kr 40 467,75	kr 30 000,00
Notar	kr 13 609,75	kr 4 038,00	kr 15 000,00
Uniform	kr 3 984,00		
Gåver / Blomar	kr 5 912,21	kr 4 797,52	kr 5 000,00
Husleige	kr 46 300,00	kr 16 500,00	kr 30 000,00
Instruksjon		kr 203 740,00	kr 104 000,00
Øvingshelgar	kr 39 065,00	kr 55 933,34	kr 40 000,00
Administrasjon	kr 2 558,30	kr 8 780,10	kr 5 000,00
Hovedlotteri	kr 10 467,05	kr 15 245,51	kr 15 000,00
Påskebasar	kr 19 708,06	kr 17 629,56	kr 15 000,00
Julebasar	kr 8 870,65	kr 16 065,66	kr 18 000,00
17.mai Buss	kr 2 856,00	kr 7 535,00	kr 5 000,00
Nordvestmeisterskap	kr 8 000,00		kr 10 000,00
Korpstur NM		kr 97 790,00	
Musikkleir	kr 1 000,00		kr 5 000,00
Leige av tenester	kr 18 035,00		kr 18 000,00
Vårsøg/Sommarnatt ved fjorden	kr 27 868,42		kr 25 000,00
Minimusikkstemne	kr 59 028,66		
Korpskafe	kr		kr 5 000,00
NMF Kontingent	kr 9 835,00	kr 10 935,00	kr 10 000,00
Forsikring	kr 5 155,00	kr 5 510,00	kr 5 000,00
Årsmøte / Leiarsamling NMF	kr 81,10	kr 7 124,00	kr 8 000,00
Diverse			
Finanskostnader	kr 619,00	kr 443,00	kr 700,00
SUM UTGIFTER	**kr 298 905,20**	**kr 512 534,44**	**kr 368 700,00**
Budsjettert overskot			**kr 22 400,00**

Populære lodd og ei sikkert inntekt til korpset gjennom mange år.

Mykje folk og fin basarstemning på påskebasaren i Breimshallen. Eit fint og tradisjonelt arrangement som også gjev gode og viktige inntekter for korpset.

Rekneskap og budsjett

ÅRSAVSLUTNING 2018

Inntekter	Utgifter	Overskot 2018
kr 473 108,29	kr 298 905,20	**kr 174 203,09**

Bank 01.01.2018	kr 142 790,08
Overskot 2018	kr 174 203,09
Bank 31.12.2018	kr 316 993,17

Gloppen Janitsjar, Sandane 1. februar 2019, Heidi Fure Klausen, kasserar

Samandrag av nokre rekneskapstal

	Inntekt	Utgift	Netto
Påskebasar	78 274,50	19 708,06	58 566,44
Hovedlotteri	60 000,00	10 467,05	49 532,95
Julebasar	49 817,00	8 870,65	40 946,35
Vårsøg	14 400,00	27 868,42	(13 468,42)
Minimusikkstemne	84 852,00	59 028,66	25 823,34
Dugnad NCT 2018	6 400,00		

Kommentarar til tala:

- Husleige inkluderer rekning haust 2017 på kr 15.200
- Instruksjon 2018 kr 101.870 forfell 20.01.2019.
- Utestående kontingent/øvingshelg/ kr 11.875
- Øvingshelg: Kr 7.145 av inntektene gjeld øvingshelg 2017.
- Julebasar: Mangler faktura frå Coop Extra på ca kr 8.000
- Rekneskapen viser eit resultat på kr 174 203,09. Då mangler instruksjon for 2018 pr 101 870 som vert bokført i 2019. Dette må vi ta høgde for i budsjett.

REVISJONSMELDING

Rekneskapen er revidert og funnen rett i følge bilaga.

Sandane, 29. januar 2019, Didrik Eide (sign) og Olav R. Myklebust (sign)

Blomar og ein stor gild sjekk frå Fjord1 etter speling på ferjedåp i mars.

Sak 6

Arbeidsplan

ARBEIDSPLAN 2019

Torsdag 3. januar	Fyrste øving etter ferien
Torsdag 14. februar	Årsmøte etter pausen på øvinga
Torsdag 7. mars	Skulekorpsbasar i Hyen
Helga 9.-10. mars	Øvingshelg
Søndag 10. mars	Skulekorpsbasar på Sandane
Søndag 31. mars	Korpskafè i Aulaen saman med Eid Musikklag
Søndag 14. april	Påskebasar i Breimshallen
Søndag 5. mai	Speling ved defileringa på Breimstafetten
Torsdag 2. mai	Speling på langope
Torsdag 17. mai	Nasjonaldagspeling
Helga 14.-15. juni	Samarbeid GJ og koret Capella Vocale m dirigent Adele Konsert «Grenselaust - sommarkveld i gøtt selskap» i Trivselshagen laurdag 15. juni kl 18
Helga 11.-14. juli	Styret oppmodar og alle medlemmene om å setje av helga 11.-14. juli for å ta del på dugnad på Norsk Countrytreff ein av desse dagane.
September:	Øvingshelg utanfor kommunen
26. oktober	Nordvestmeisterskapen (?)

STIKKORD FOR PLAN 2020

Januar:	Øvingshelg
Februar:	Skotårsgalla
Juni	Igjenbesøk til Tyskland

Å gje ungdomen gode opplevingar med korpsrørsla tidleg er stadig eit satsingsområde.

Klare for defilering på Breimstafetten.

Sak 5

Årsmøtesaker

Det er ikkje kome inn framlegg til årsmøtesaker.

«Dameklubben» har ei lita markering på stabburet til Didrik og Nyfrid etter nok eit år med godt basargåvearbeid. Markeringa er vel fortent.

Vel ferdigspelt i vurderingsklassen på Nordvestmeisterskapen i Måløy. Meldinga frå dommarane var klar. Neste gong stiller korpset til divisjonsspeling.

Sak 7

Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart auka i 2017. Då frå 600 kroner til 1000 kroner for vaksne medlemmer, og frå 300 kroner til 500 kroner for skuleelevar. Styret ønskjer ikkje å auke kontingenten komande år.

Framlegg til vedtak: Kontingenten i Gloppen Janitsjar er 1000 kroner for vaksne og 500 kroner for skuleelevar.

Sak 9

Val

Valnemnda si innstilling styre:

Leiar:	Marta Sundal Engeland	Ikkje på val	på val 2020
Nestleiar:	Bjørn Inge Solheim	Ny for 2 år	på val 2021
Kasserar:	Heidi Fure Klausen	Ikkje på val	på val 2020
Sekretær:	Geir Skagen	Ny for 2 år	på val 2021
Styremedlem [1]:	Reidun Kjørvik Førde	Ikkje på val	på val 2020
1. varamedlem [2]:	Bernt Reed	Ny for 1 år	på val 2020
2. varamedlem	Gunnar Eide Attval	for 1 år	på val 2020

Valnemnda si innstilling utval:

Musikkutval

Bernt Reed (leiar)	Ny	for 1 år
Ole Henrik Mølmann	Attval	for 1 år
Trond Haugen	Attval	for 1 år
Dirigent	Fast	

Sosialkomité

Didrik Eide	Attval	for 1 år
Heidi Fure Klausen	Attval	for 1 år

Valnemnda si innstilling revisorar:

Revisorar

Didrik Eide	Attval	for 1 år
Olav R.Myklebust	Attval	for 1 år

Styret si innstilling til valnemnd:

Valnemnd til årsmøte 2020

Margunn Evebø	frå 2018
Ingrid Sundal Søreide	frå 2019
Jorunn Vereide Kvernevik	frå 2019

Val av to representantar til NMF regionting

1) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.

2) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at første vara er leiar i musikkutvalet.

Med lite lys, men dertil større innleving, var det «Beat for beat» på ladeloftet til Bjørn Inge før vi tok sommarfri.

Litt tidlegare på kveld i fin kveldssol på hyggeleg sommaravslutninga hos Bjørn Inge.

Vedlegg 1

Vedtekter for Gloppen janitsjar

§1 ORGANISASJON

Gloppen Janitsjar, skipa 4. september 1986, er tilslutta Norges Musikkorps Forbund gjennom NMF region Nordvest. Gloppen Janitsjar er ei samanslåing av Sandane Hornmusikk skipa 2. november 1892, og Breim Hornmusikk skipa 22. september 1945.

§2 FORMÅL

2.1 Musikk
Ta vare på og utvikle korpsmusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og organisering. Drive tilleggsaktivitetar som ensemblespel, storband og liknande når det er interesse for det.

2.2 Sosial aktivitet
Ta vare på og utvikle korps- og organisasjonsarbeid som aktivitet.

2.3 Informasjon
Informere utad om korpset og Norges Musikkorps Forbund sine aktivitetar, fremme forståing for korpsa sine kulturelle, sosiale og oppdragande verdi.

2.4 Musikkpolitikk
Ta våre på korpset sine interesser i det lokale musikk- og kulturliv. Følgje opp dei overordna musikkpolitiske retningslinene som NMF set opp.

2.5 Arrangement
Gje musikarar, dirigentar og tillitsvalde tilbod om kurs. Arrangere og delta på konsertar, stemne/festivalar, konkurransar og andre arrangement.

2.6 Utviklingsarbeid
Utvikle og betre musikkfagleg og organisasjonsfagleg opplæring i samarbeid med skuleverket, kulturskulen, NMF og andre organisasjonar.

Ta initiativ til nødvendig organisasjonsmessig utvikling, omstilling og samarbeid med andre korps og musikklivet elles.

§3 MEDLEMSKAP

3.1 Opptak av medlemmar
Aktive amatørmusikarar og ikkje utøvande personar kan takast opp som medlemmar. Dette skjer gjennom korpsstyret.

3.2 Organisering av korpset
Korpset følgjer forbundet sine gjeldande aldersgrenser.

Utøvande medlemmar frå skulekorps kan takast opp som aspirant frå 1. august det året han/ho fyller 15 år. Medlemsplikter i aspiranttida skal oppfyllast i høve til skulekorpset.

Medlemmar kan takast opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.

Nye medlemmer vert automatisk ført inn som medlem i NMF. Dette skal gjerast ved å bruke gjeldande NMF-skjema for medlemsskap, og vert lagt inn i NMF sin medlemsbase. Er det endringar i dei registrerte opp-lysingane pliktar kvar einskild medlem å orientere styret om dette snarast. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering.

Styremedlemer må vere medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMF sin database. Tvistar i samband med dette vert avgjort av regionstyret.

3.3 Føresetnader for medlemskap

a) Korpsmedlemmane må halde korpset NMF sine vedtekter, reglar og lovlege vedtak.
b) Medlemmene skal møte på øvingar, konsertar og andre oppdrag til avtala tid. Dersom eit medlem ikkje kan møte skal leiar/dirigent varslast så tidleg som råd.
c) Instrument, uniform og utstyr skal haldast i god stand. Uforsiktig behandling kan medføre økonomisk ansvar.
d) Deltaking i andre korps eller bruk av korpset sine eigedelar i andre musikkaktivitetar må godkjennast av styret.

3.4 Kontingent og rapportering
Korpsåret følgjer kalendaråret. Medlemsregistrering, innrapportering til NMF og kontingentbetaling skal sendast NMF på avtala skjema/medium til gjeldande fristar. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering. Korpset skal betale kontingent til NMF innan 1. februar etter tal registrerte medlemar pr. 31. desember.

3.5 Permisjon
Styret kan gje medlemmer som søker om det permisjon frå speling i korpset i inntil eitt år. I permisjon har medlemmet likevel dei plikter og rettar som ordinær medlem

3.6 Utmelding
Medlemmar som ynskjer å melde seg ut, må gje melding om dette til leiinga i korpset. Ved utmelding skal det samstundes skje utmelding frå NMF. Utmelding bør ikkje skje i løpet av korpsåret.

3.7 Suspensjon og eksklusjon

a) Medlemmar som ikkje rettar seg etter gyldige vedtekter, reglar og vedtak, eller er til skade for korpset sin aktivitet, kan styre suspendere for eit bestemt tidsrom. I grovare tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.
b) Vedtak om suspensjon og ekslusjon kan ankast inn for regionstyret.

§4 ÅRSMØTE

4.1 Status
Årsmøtet er Gloppen Janitsjar si høgaste myndigheit.

4.2 Årsmøteperiode, innkalling og saker til årsmøtet

a) Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar.
b) Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret
c) eller 1/3 av medlemmane krev det.
d) Innkalling skal sendast ut minimum to veker før ordinært årsmøte, og ei veke før ekstraordinært årsmøte.
e) Årsmelding, revidert rekneskap, valkomiteen si innstilling og andre saker til behandling på årsmøtet skal sendast ut seinast ei veke for årsmøtet.
f) Medlemmar må fremme saker til årsmøtet gjennom styret. Slike saker må vere kome til styret seinast ei veke for årsmøtet skal haldast. Styret pliktar å leggje saker som kjem inn i rett tid fram for årsmøtet.

4.3 Representasjon, rettar og voteringar

a) På årsmøtet deltek korpset sine medlemar og gjester invitert av styret.
b) Desse har stemmerett:
   Utøvande medlemmar som oppfyller sine medlemsplikter. Styremedlemmer i alle saker, unnateke ved handsaming av årsmelding og rekneskap.
c) Representantar for NMF har talerett. Årsmøtet kan gje talerett til den det matte ynskje.
d) Gyldig vedtak krev absolutt fleirtal (over halvparten av dei avgjevne stemmene) dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtektene.
e) Årsmøtet er vedtaksført når minst halvparten av medlemane er til stades.

4.4 Årsmøtet sin dagsorden
Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

1) Konstituering
   a) Opning
   b) Namneopprop

Vedtekter Gloppen janitsjar

c) Godkjenning av innkalling
d) Godkjenning av dagsorden/sakliste
e) Val av møteleiar
f) Val av årsmøtereferent
g) Val av to til å skrive under protokollen

2) Godkjenning av årsmelding
3) Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sin merknad.
5) Saker framsett av styret
6) Saker framsett av medlemmar
7) Kontingent
8) Budsjett
9) Val av styre som består av:
   - Leiar
   - Nestleiar - Kasserar - Sekretær
   - Styremedlem
   - 1 og 2. varamedlem

   Alle, med unnatak av varamedlemane, vert valde for to år, men likevel slik at to eller tre vert valde kvart år.
10) Val av to revisorar for eitt år.
11) Val av tre medlemmar til valkomite for eitt år.
12) Val av utsendingar til NMF avd. Nordvest sitt 2-årige årsmøte
13) Val av musikkutval
14) Val av sosialkomite

Valbare til verv er dei frammøtte representantane eller andre medlemar som har sagt seg villig til å motta verv.
Dei som skal veljast må ha gyldig medlemskap. Vala skal skje skriftleg dersom nokon krev det.

§5 STYRET

5.1 Samansetning
Styret bestar av: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og varamedlemar.

5.2 Fullmakter
a) Styret leiar korpset etter dei vedtak årsmøtet har gjort. Leiaren eller den styret gjev fullmakt teiknar korpset.
b) Styret har fullmakt til å oppnemne dei utval og komitear det finn trong for.
c) Styret har fullmakt til å revidere og utforme dei reglar og instruksar det er behov for i tilknyting til desse vedtektene og for å presisere og regulere korpset sitt ansvar og aktivitetar.

5.3 Innkalling til styremøte - vedtak
a) Styret vert innkalla når leiaren eller tre styremedlemmar krev det
b) Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades.
c) Styrevedtak skal protokollførast og korpsmedlemmane skal gjerast kjent med dei vedtak som er gjort.

5.4 Avslutning
Styret skal utarbeide årsmelding og avslutte rekneskapen for kvar årsmøteperiode. Årsmelding og revidert rekneskap skal leggjast fram for årsmøtet til godkjenning.

5.5 Personalansvar
Styret føretek engasjement, tilsetjing, oppseiing og gjev avskjed og har fullmakt til å inngå løns- og arbeidsavtaler Styret er ansvarleg for å innhente politiattest for på dei som har tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar utøver dagleg personalansvar.

5.6 Beredskapsplan for korps
Styret pliktar å forholde seg til beredskapsplan for korps når korpset er på tur og deltek på arrangement.

§6 MEDLEMSMØTE

Medlemsmøtet er forum for informasjon og drøftingar og løysing av konfliktar for korpset sine medlemmar. Det skal haldast medlemsmøte når styret eller korpset sine øvrige medlemmar ber om det.

§7 KOMITEAR

7.1 Revisjon
Revisjonen skal gjennomgå rekneskapen for kvart år og leggje fram revisjonsmelding for årsmøtet.

7.2 Valkomiteen:
Valkomiteen skal finne fram til valbare kandidatar til dei ulike tillitsverv slik det går fram av paragraf 4.4, og leggje komiteen si innstilling fram for årsmøtet.

§8 OPPLØYSING OG UTMELDING AV NMF

8.1 Oppløysing
Oppløysing av korpset kan berre gjerast av to påkvarandre følgjande ordinære årsmøte. Vedtaka krev 2/3 fleirtal i eit lovleg sett årsmøte.

8.2 Korpset sin midlar og aktiva
I tilfelle oppløysing, skal korpset sine midlar plasserast i bank på sperra renteberande konto som vert disponert av NMF avdeling Nordvest, kulturutvalet eller kulturskulen i kommunen til nytt korps er oppretta, og som då overtek midlane. Korpset sine øvrige aktiva skal opp-bevarast på forsvarleg måte og disponerast på same måte som nemnd i første setning. Denne bestemmelsen gjeld ikkje ved samanslåing av korps.

8.3 Overføring av midlar og aktiva
Det siste ordinære årsmøtet kan bestemme at korpset sine midlar og eigedom skal overførast til eit anna korps, musikkskule eller til musikkføremål i grunnskulen dersom nytt korps ikkje reorganiserast innan tre år.

8.4 Utmelding av NMF
Ved utmelding av forbund må det gjerast vedtak på to påfølgjande årsmøte med minst ein månads mellomrom. Gyldig vedtak krev minst 2/3 fleirtal. Utmelding må skje innan 15.november for at den skal gjelde frå 1.januar neste år. Ved utmelding vert all rett til NMF sine verdiar, tapt.

§9 VEDTEKTSENDRINGAR

Årsmøtet kan endre desse vedtektene med 2/3 fleirtal.

Er det usemje om korleis vedtektene skal forståast skal usemja leggast fram for regionstyret med forbundsstyret som ankeinstans.

Ikrafttreding:
Desse vedtektene gjeld frå 6. april 1991, dei er revidert i april 1995 og 2007, og sist endra på årsmøtet 1. februar 2013.

Vedlegg 2

Referat frå årsmøtet 2018

Årsmøtet i Gloppen Janitsjar 2018 vart halde torsdag 15. februar kl. 2100 på Firda vidaregåande skule.

1. Opning av møtet
Martha ynskte møtelyden velkomen.

2. Konstituering
Namneopprop utifrå ajourført medlemsliste. 25 stk til stades, 8 ikkje til stades.

Godkjenning av innkalling. Godkjend utan kommentar.

Godkjenning av sakliste. Godkjend utan kommentar

Val av møteleiar: Bernt Reed vart vald til møteleiar

Val av møtesekretær: Jorunn Kvernevik vart vald til sekretær

Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar: Gudmar Eikenes og Torgier Maritsson Grøneng

3. Årsmelding 2017
Den framlagde Årsmeldinga vart samrøystes vedteken med nokre mindre merknader. Desse vert retta i den endelege årsmeldinga. Det som det ver retta til er utheva med kursiv nedanfor
Om styret si samansetjing s 5

Leiar: Martha Sundal Engeland	*Ikkje på val*
Kasserar: Margunn A. Evebø	*Ikkje på val*
Sekretær: Linda Pupe Støyva	*På val*
Styremedlem : Reidun Kjørvik Førde	*Ikkje på val*

Sosialkomitè: Elin Nikoline Vie. - *er ikkje lenger med i den.*

4. Rekneskap 2017 med revisjonsmelding
Rekneskapen vart kommentert av leiaren sidan kasseraren ikkje var til stades. Rekneskapen vart godkjend av møtelyden.

Kommentarar:
- S 10: Auke i VO-midlar kjem av ar ein har vore flinke til å melde inn gruppeøvingar og liknande.
- S 10: Fjerne årstal på faste postar som for eksempel NM.
- S 11: Sommarnatt ved fjorden får inn tittelen «Vårsøg»
- S 12: Løn for instruksjon for både 16 og 17 ligg inne i rekneskapen for 17. Dette gir eit lågare resultat.
- Siste punkt s 12: Rekneskapen viser at drifta går i *underskot* med kr 134.285,64. Her må vi….

5. Årsmøtesaker
Ingen saker var melde inn til årsmøtet

6. Arbeidsplan 2018 Vart lagt fram av Martin E. Koren, leiar i musikkutvalet.

Kommentarar:
- Tidspunkt for konsert i Vereide 11. mars vart endra frå kl 19:30 til kl 20:00
- 21.april: Vi hjelper *skulekorpsa i Sandane og Breim* med å arrangere…
- 28. oktober: Skulekorpsbasar *i* Breim
- Mars 19: marsjkonsert; forslag til arbeidstittel: «Eit dykk i arkivet»

Arbeidsplanen med tilføyingar vart vedteken mot ei røyst.

7. Kontingent
Styret føreslår at kontingenten *vert ståande uendra* og er 1000,- for vaksne og 500,- for skuleelevar.

8. Budsjett 2018
Martha kommenterte budsjettet for 2018 med inntekter og utgifter. Budsjettet vart samrøystes vedteke

9. Val
Valnemnda si innstilling til styre, med tilføyingar:

Leir: Martha S. Engeland	Attval	*for to år*
Nestleiar: Ingrid S Søreide	ikkje på val, valt for 3 år	*på val i 2019*
Kasserar: Heidi Fure Klausen	NY	*For to år*
Sekretær: Jorunn Kvernevik	ikkje på val	*på val i 2019*
Styremedlem: Reidun K. Førde	Attval	*for to år*
1.vara: Martin Eikeset Koren	Attval	*for eitt år*
2.vara: Gunnar Eide	Attval	*for eitt år*

Valnemnda si innstilling til revisorar:

Olav R. Myklebust	ny	*for 2 år*

Styret si innstilling til valnemnd:

Margunn A. Evebø	ny	*for 3 år*

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

10. Avslutning
Leiar takka styret for arbeidet gjennom året og medlemmene for frammøte og deltaking på møtet.

Det vart og sett fram takk til Dirigenten, og Geir for medverknad med Årsmeldinga.

Møteleiar takka Martha for at ho tok gjenval som leiar.

Møtet vart heva 21:35.

Sandane 15.02.2018

Jorunn E. V. Kvernevik - sekretær -

Bernt Reed (sign.)
Gudmar Eikenes (sign.)
Torgier Maritsson Grøneneg (sign.)

Vedlegg 3

Styremedlemmar etter år 2000 (Strek tyder at vedkomande ikkje var på val det året)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Leiar	Bernt	Bjørn Inge	-	Bjørn Inge	-	Martha	-	Martha	-	Bernt
Nestleiar	?	-	Ole Henrik	-	Ingrid	-	Ingrid	-	Gunnar	-
Kasserar	?	-	Linda	-	Linda	-	Vigdis	-	Reidun	-
Sekretær	-	Roar	-	Geir	-	Geir	-	Geir	-	Geir
Styremedlem	?	-	Øyvind	-	Eivind	-	Eivind	-	Eivind	-
1. vara			Margunn	Margunn	Margunn	Margunn	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik
2. vara			Geir Skåden	Elin R Finstad	Elin R Finstad	Hanne	Hanne	Hanne	Eva	Eva

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Leiar	-	Bernt	-	Bernt	-	Vigdis	Martha	-	Martha	-
Nestleiar	Gunnar	-	Vigdis	-	Vigdis	Martha	Ingrid	-	-	
Kasserar	Reidun	-	Margunn	-	Margunn	-	Margunn	-	Heidi	-
Sekretær	-	Geir	-	Geir	-	Linda	-	Jorunn	-	
Styremedlem	Hanne	-	Hanne	-	Hanne	-	Reidunn	-	Reidunn	-
1. vara	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik	Ole Henrik	Olav	Martin	Martin	Martin	
2. vara	Eva	Arvid	Arvid	Linda	Linda	Ingrid	Gunnar	Gunnar	Gunnar	

NAMN PÅ LISTA: (Tal år i styret - ikkje vara - i perioden i parantes)

Bernt Reed (7)	Øyvind Gloppestad (3)	Ingrid Sundal Søreide (7)	Reidun Kjørvik Førde (7)	Jorunn Kvernevik (2)
Bjørn Inge Solheim (4)	Margunn A Evebø (10)	Eivind Kjørvik (6)	Eva Holme (3)	Heidi Fure Klausen (1)
Roar Henden (3)	Geir Skåden (1)	Martha S. Engesland (9)	Hanne Lyngstad (6)	
Ole Henrik Mølmann (11)	Geir Skagen (12)	Vigdis Henden (4)	Arvid Jordanger (2)	
Linda Pupe Støyva (8)	Elin Rønn Finstad (2)	Gunnar Eide (4)	Olav R. Myklebust (1)	

2019

2018

2017

2016

2014

2013

2012

2010

2008

2007

2006

2004

FRÅ ARKIVET